

Vedtekter for Åheim idrettslag



Åheim idrettslag vart stifta 1. mars 1942. Lover for Åheim idrettslag vart vedteke 19. november 1989, med endring 18. februar 2004, 1. mars 2011, 29. februar 2012, og 29. februar 2016. Lovene vart endra til vedtekter, og alle paragrafar fornya og modernisert 26. mars 2025. Det er teke med nye henvisningar til NIF si lov iht. kjønnsfordeling og likeverd.

§ 1 Formål

Laget har som føremål å fremje idrett i sunne former, gjennom samarbeid og kameratskap. Arbeidet skal pregast av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd, jf. NIF si lov § 1-2.

§ 2 Tilknytning

Laget er medlem av Norges Idrettsforbund gjennom Møre og Romsdal Idrettskrets. Laget er tilslutta dei særforbund som laget sitt årsmøte bestemmer. Laget er medlem av Vanylven idrettsråd.

§ 3 Medlemskap

Einkvar som innordnar seg laget sitt og overordna idrettsmyndigheiter sine lover, kan takast opp som medlem. Ein kan bli medlem ved å registrere seg på minidrett.no eller via idrettslaget si nettside.

Ein søker kan ikkje takast opp utan at forpliktingane til andre idrettslag er ordna, jf. NIF lov §39. Medlemskap i laget er først gyldig og reknast frå den dag kontigenten er betalt. For å ha stemmerett må eit medlem ha fylt 15 år, og ha vore tilslutta laget i minst ein månad og ha sitt forhold til laget i orden. Eitkvart medlem pliktar å overhalde Norges Idrettsforbund med organisasjonsledd, samt laget sine vedtekter og reglar. For straffesaker gjeld NIF sine «*Straffebestemmelser om foregåelser*».

Idrettslaget pliktar å registrere opplysningar i idretten sitt medlems- og organisasjonsregister.

§ 4 Kontingent

Kontigenten skal betalast forskotsvis og seinast innan 1.februar. Storleiken blir fastsett av årsmøtet, for det komande året. Ein reknast som vaksen medlem det året ein fyller 16 år. Barn betalar ein lågare kontingent. Medlemer som skuldar kontingent for meir enn

eitt år, mistar sine rettar og kan av styret strykast av laget. Strykast eit medlem, kan det ikkje takast opp igjen før skuldig kontingent og indre forpliktingar er ordna. Styret har høve til å setje ned eller fråfalle kontingent ved sjukdom, arbeidsløyse, militærteneste eller av andre gyldige grunnar.

§ 5 Årsmøtet

Laget si høgaste myndigheit er årsmøtet, som vert halde kvart år. Rekneskapsåret skal fylgje kalendaråret, og årsmøtet skal haldast før utgangen av mars måned. Styret skal kalle inn til årsmøte, med minst fire vekers varsel, direkte til medlemmane på Åheim IL si nettside eller ved kunngjering i lokalavisa. Saker som medlemmane vil ha opp på årsmøtet, må vere styret i hende minst ei veke før årsmøtet.

§ 6 Innhald på årsmøtet

Årsmøtet er vedtaksfør med dei røysteføre medlemmer som møter. I alle saker skal vedtaka, for å vere gyldige, vere fatta med fleirtal av dei avgjevne stemmer, når ikkje anna er bestemt i lova. Dei vedtak som vert gjennomførde må vere i samsvar med overordna idrettsorganisasjonar sine lover og reglar.

Årsmøtet skal:

1. Foreta val av ordstyrar + to medlemmer til å skrive under møteboka.
2. Godkjenne saklista.
3. Behandle årsmelding og revidert rekneskap.
4. Behandle innkomne forslag og saker.
5. Fastsetje kontigentar.
6. Forslag til arbeidsprogram og eventuelt løyvingar for komande år.
7. Gje styret fullmakt til å velje utsendingar til kretsting og årsmøte, der det er forventa at Åheim IL skal stille. Særgruppene gjevast fullmakt til å velje utsendingar til kretsting og årsmøte for sine særforbund.
8. Val
 - a. Leiar og nestleiar.
 - b. Kasserar, sekretær, ein styremedlem + to vara.
 - c. Velje styre i gruppene ski, friidrett, fotball, handball, trim og e-sport + medlemmer i eventuelle nemnder.
 - d. To revisorar + ein vara.
 - e. Velje valnemnd på tre personar, med årleg opprykk.

Leiar er valt for 1 år. Alle andre representantane vert valde for 2 år. Valnemnd er valt for tre år, med opprykksordning.

Alle røysteføre medlemmer som blir spurte, kan veljast. Alle val går skriftleg føre seg, dersom det føreligg meir enn eitt forslag. Blanke stemmesetlar tel ikkje og reknast som ikkje-avgjevne stemmer.

Leiar, nestleiar, vara til hovudstyret og gruppeleiarar blir valde enkeltvis. Når valet føregår enkeltvis og kandidatane ikkje oppnår fleirtal, må det takast omval. Er det ved omval likt stemmetal, vert valet avgjort ved loddtrekning.

§ 7 Ekstraordinære årsmøte

Ekstraordinært årsmøte haldast når styret bestemmer det, eller ein tredjedel av dei røysteføre medlemmane krev det. Det må kunngjerast på same måte som for ordinære årsmøte, og innkallast av styret med minst 14 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte kan berre behandle den eller dei saker kravet om årsmøtet omfattar og som er kunngjort i innkallinga.

§ 8 Medlemsmøte

Medlemsmøte vert halde når styret finn det naudsynt.

§9 Styret

Laget blir leia av styret som er høgaste myndigheit mellom årsmøter.

Styret består av:

Leiar, nestleiar, sekretær, kasserar og eitt styremedlem (hovudstyret). Det skal minst vere to av kvart kjønn i styret, jf. NIF si lov §2-4.

Gruppeleiarar har møteplikt i hovudstyret, men ikkje stemmerett.

Styret skal:

1. Setje i verk årsmøtet sine og overordna idrettsmyndigheiter sine vedtak og avgjerdsler.
2. Stå for laget si daglege leiing og representere dette utad, herunder ivareta laget sine interesser.
3. Vurdere dei økonomiske behova i laget og fordele midlane til dei enkelte grupper etter oppsette planar. Tilskot frå det offentlege, sponsorinntekter og kontigenten disponerast av laget sitt styre. Midlar som gruppene sjølv samlar inn, disponerast av desse.
4. Ved behov oppnemne komitèar, utval og personar for spesielle oppgåver og utarbeide instruks for desse.

5. Løyse laget sine oppgåver etter beste evne, jf. §1.

Styret held møte når leiaren bestemmer eller eit fleirtal av hovudstyret krev det.

Eit møte er vedtaksfør når eit fleirtal av hovudstyret er tilstades.

Alle vedtak fattast med fleirtal av dei avgjevne stemmer. Ved likt stemmetal gjev leiar si stemme utslag. Det skal først referat av styremøtet.

§10 Styret sitt arbeid

1. Leiaren har den daglege leiinga av laget, og skal anwise/delegere alle utbetalingar og leie styret sine forhandlingar og laget sine møter, dersom ikkje anna er fastsett.
2. Nestleiar fungerer som leiar, dersom leiar er fråværande.
3. Sekretæren skal føre referat av alle styremøter og medlemsmøter. Sekretær skal i samråd med leiar føre laget sin korrespondanse, samt foreta skriftlig innkalling med sakliste.
4. Kasserar skal setje seg inn i dei instruksar og reglar som til ei kvar tid er gjeldande, og vere eit bindeledd mellom styret og reknskapsførar i henhold til økonomien for laget.
5. Revisorane skal gjennomgå rekneskapet i samsvar med gjeldande revisjonsreglar.

§ 11 Gruppestyra

1. Har laget sitt årsmøte gjort vedtak om å opprette grupper, leiast kvar gruppe av eit styre på minst tre medlemmar: Leiar, sekretær og materialforvaltar.
Gruppestyra kjem med forslag til nytt gruppestyre til valnemnda, seinast tre veker før årsmøtet.
2. Gruppeleiar har møteplikt i hovudstyret, med anna medlem som personleg vara, og skal vere eit bindeledd iht. informasjon mellom gruppe og hovudstyret.
3. Gruppestyret skal behandle alle faglege saker som gjeld gruppa si idrettsgrein, og handlar sjølvstendig i idrettstekniske saker. Det skal sørge for at lover og reglar vert haldne, og rapportere eventuelle brot på reglar til hovudstyret.
4. Gruppa står sjølv ansvarlig for økonomien og aktiviteten i gruppa, foreslår kandidatar til gruppestyret, og gjev eventuelle innspel til saker som skal behandlast av styret eller årsmøtet. Gruppestyret legg fram for årsmøtet melding om gruppa sin aktivitet.

§ 12 Oppløysing

Oppløysing av laget kan berre vedtakast på ordinært årsmøte med 2/3 fleirtal, eller at forslag om dette på førehand er sett på sakliste, som er sendt til medlemmane minst 14 dagar før møtet.

Blir oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, haldast ekstraordinært årsmøte tre månader seinare, og for at laget skal oppløysast må vedtaket her gjentakast med 2/3 fleirtal.

Samanslåing med andre lag, reknast ikkje som oppløysing av laget. Vedtak om samanslåing og nødvendige vedtektsendringar knytt til dette, treffast i samsvar med reglane om vedtaksendring, jf. §13.

I tilfelle oppløysing, tilfelle laget sine eigedelar Norges Idrettsforbund eller formål godkjent av styret i Norges Idrettsforbund.

§ 13 Vedtektsendringar

Endringar av desse vedtekene, kan berre føretakast på ordinært årsmøte eller ekstraordinært årsmøte, etter å ha vore oppført på saklista, og krev 2/3 fleirtal.

Vedtektsendringar må sendast til styret i Norges Idrettsforbund, for godkjenning.

Instruks for valnemnda:

Valnemnda står uavhengig av hovudstyret, men direkte underlagt årsmøtet. Ingen i hovudstyret kan såleis sitje i valnemnda. Hovudstyret har heller ikkje instruksrett overfor valnemnda. Årsmøtet vel inn ein ny person i valnemnd kvart år, for tre år med opprykk, og vel også leiar i valnemnda.

Framlegget frå valnemnda bør føreligge i så god tid før årsmøtet at styret kan få det til behandling.